



Helse- og  
omsorgsdepartementet

# Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 17. februar 2023

Den økonomiske situasjonen

HELSE  VEST

---

## **PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF**

Fredag 17. februar 2023 kl. 12.00 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møtet vart halde på video.

### **Dagsorden**

- Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Den økonomiske situasjonen

### **Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte**

Helse- og omsorgsminister Ingvild Kjerkol

I tillegg møtte:

Statssekretær Karl Kristian Bekeng  
Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum  
Ekspedisjonssjef Espen Aasen  
Ekspedisjonssjef Thomas Baardseng  
Avdelingsdirektør Astri Knapstad  
Avdelingsdirektør Fredrik A. S. R. Hanssen  
Seniorrådgiver Mikkel Hovden Aas

### **Frå styret møte**

Styreleiar Agnes Landstad  
Nestleiar Olin Johanne Henden  
Gunnar Berge  
Anne Karin Hamre  
Oddvar Kaarbøe  
Solfrid Borge  
Wenche Kristin Røkenes  
Marie Skontorp  
Egil Olsen

### **Frå administrasjonen møte**

Fungerande administrerande direktør Ivar Eriksen

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13, men deltok ikkje.

---

## Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Helse- og omsorgsminister Ingvild Kjerkol ønskte, som øvste eigarmyndigheit og møteleiar, velkomen. Ho spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.*

Styreleiar Agnes Landstad og helse- og omsorgsminister Ingvild Kjerkol vart valde til å godkjenne protokollen.

## Sak 2 Dagsorden

Helse- og omsorgsminister Ingvild Kjerkol spurde om nokon hadde merknader til dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Dagsorden er godkjent.*

## Sak 3 Den økonomiske situasjonen

Føretaksmøtet viste til at helseføretaka står i ein krevjande situasjon.

Pandemien har sidan starten av 2020 påverka driften av sjukehusa i stor grad. Arbeidspresset har vore høgt, sjukefråveret har i periodar vore veldig høgt og ventetidene har auka som følgje av smittevernreglar og prioritering av pasientar med covid-19. Kostnadene har auka blant anna som følgje av høgare beredskapsnivå og behovet for å sikre tilstrekkeleg bemanning. Samstundes har elektiv behandling gått ned. Det tar tid å kome tilbake til driftsforhold tilsvarande perioden før pandemien. Økonomiske utfordringar har den siste tida også ført til at helseføretaka har måtta skyve på planlagte investeringar.

Det framstår no klart at det vil vere vanskeleg for sjukehusa å handtere utfordringane framover med dei gjeldande budsjettvilkåra. Regjeringa vil derfor legge fram forslag for Stortinget om ein varig budsjettauke på 2,5 mrd. kroner i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2023. Det tilsvarar tilleggsføringa i nysalderinga for 2022 og vil sette sjukehusa i betre stand til å følgje opp styringsdokumenta for 2023, der prioriterte tiltak er psykisk helsevern og rask tilgang til helsetenester. Det er og viktig at helseføretaka kan gjennomføre nødvendige investeringar i kompetanse, bygg, IKT og medisinsk utstyr.

Auken på 2,5 mrd. kroner vert fordelt slik mellom regionane:

- Helse Sør-Øst 1 354,6 mill. kroner
- Helse Vest 478,7 mill. kroner
- Helse Midt-Norge 356,9 mill. kroner
- Helse Nord 309,7 mill. kroner

Oppdaterte anslag for løns- og prisvekst for 2023 er no betydeleg høgare enn det som vart lagt til grunn då statsbudsjettet vart utarbeida. Regjeringa vil i samband med revidert nasjonalbudsjett i mai også fremme forslag for Stortinget om ei pris- og lønsjustering av

---

budsjettet som veg opp for den ekstraordinære kostnadsveksten i 2023. Oppdaterte anslag vil også omfatte investeringspostar. Den ekstraordinære kompensasjonen er ei teknisk endring for å unngå ei utilsikta innstramming i det budsjettet Stortinget vedtok i desember 2022 og dei prioriteringane som vart lagt til grunn for vedtaket. Det vert lagt til grunn at det aktivitetsnivået som er planlagt i helseføretaka i liten grad vert påverka av dette. Justeringa reduserer imidlertid usikkerheita i budsjettet for 2023 i betydeleg grad.

Det vil fortsatt vere omstillingsbehov. Budsjettet vil vere stramt, trass i auken i løyvingane som er omtala ovanfor. Utviklinga framover tilseier at sektoren står ovanfor betydelege bemanningsutfordringar, som også Helsepersonellkommissjonen har peika på. Situasjonen er spesielt krevjande i Helse Nord.

Helseføretaka jobbar no med omstillingstiltak for i år og med økonomiske langtidsplanar, som vanlegvis vert lagt fram i juni kvart år. Dei regionale helseføretaka må vurdere korleis dei kan ta omsyn til regjeringa sitt varsla forslag om auka løyvingar i samband med revidert nasjonalbudsjett i si drift og planlegging.

### **Føretaksmøtet vedtok:**

*Dei regionale helseføretaka vert bedne om å vurdere korleis ny informasjon om forventede endringar i dei økonomiske rammevilkåra bør takast omsyn til i drift og planlegging.*

### Protokolltilførsel fra følgende:

Helse Nord RHF: Sissel Alterskjær, Kari Baadstrand Sandnes, Martin Øien Jenssen  
Helse Midt-Norge RHF: Anita Solberg, Tore Brudeseth, Lindy Jarosch-von Schweder  
Helse Vest RHF: Wenche Kristin Røkenes, Egil Olsen, Marie Skontorp  
Helse Sør-Øst RHF: Kristin Brubakk, Lasse Sølvberg, Christian Grimsgaard

*«Disse styremedlemmene oppfatter at regjeringen erkjenner at manglende kompensasjon for prisvekst vil sette helsetjenesten i en særdeles krevende situasjon. Vi vil uttrykke lettelse for den varslede justeringen.*

*Behovsvekst, rekrutteringssvikt og mange store pågående byggeprosjekt vil uansett medføre betydelige utfordringer for spesialisthelsetjenesten de kommende årene. Vi vil derfor anmode om at sykehusene i det videre blir fullt ut kompensert for lønns og prisvekst. Behovet for medvirkning og involvering øker under krevende omstillingsperioder. Disse medlemmene forutsetter at dette ivaretas i alle deler av tjenesten. Samtidig vil vi understreke viktigheten av at de regionale helseføretakene styrker arbeidet med HMS og arbeidsmiljø i den krevende situasjonen sykehusene står i.»*

Møtet vart heva kl. 12.10.

Oslo, 17. februar 2023

Ingvild Kjerkol

Agnes Landstad

*Protokollen er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrevne signaturar*